



## Opning av skriftleg tilsyn etter barnehageloven

FIKS oppvekst er eit interkommunalt samarbeid i Fensfjorden. Ei av våre oppgåver er å føre tilsyn med kommunen som barnehageeigar, jf. barnehageloven § 53. Når vi gjennomfører tilsynet, skal vi ha tilgang til dokumentasjon og lokale dersom tilsynet krev det.

Tilsynet går ut på å kontrollere om kommunen som barnehageeigar føl regelverket i barnehageloven med forskrifter. Temaet er valt ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylt, og kva konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga bygger på informasjon barnehagemynde har frå ulike kjelder.

### Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er Psykososialt barnehagemiljø. Under dette temaet kontrollerer vi:

1. Aktivitetsplikta, jf. barnehageloven § 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet går føre seg på følgande måte:

- De sender inn dokumentasjon (prosedyre, Reflex-eigenvurdering og eventuell annan dokumentasjon).
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre egne system, offentlege register og informasjon på kommunen si nettside.
- Vi utarbeider en rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Viss vi finn brot på regelverket, kan de uttale dykk før vi eventuelt fatter eit vedtak.
- De mottar eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglane for prosessen vi har skildra ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. kommuneloven § 30-3.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningsloven § 16.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentlighetsloven § 3.

I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

### De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon som vi har skildra i lista nedst i dette brevet, jf. kommuneloven § 30-3.

Fristen attendemelding er fredag 17.november.



### **De har rett til å klage**

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningsloven § 14.

Viss de klager, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjelder frå beskjed om brevet har kome fram til dykk. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om på vår avgjersle. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Statsforvaltar som avgjer saka.

Viss vi vurderer at det er «påtrengande nødvendig» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre våre oppgåver, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ei eventuell klage er avgjort, jf. forvaltningsloven § 14 femte punktum.

Ta kontakt viss de har spørsmål.

FIKS oppvekst

#### **Trine Merete Jansen**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, barnehagemynde, Austrheim kommune

#### **Halvor Elde**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, barnehagemynde, Gulen kommune

#### **Rita Ludvigsen**

Oppvekstleiar, barnehagemynde, Masfjorden kommune